



VINDAFJORD KOMMUNE

Det Kongelige Landbruks- og Matdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruk

Saksh: Alf Ole Bull Tornøe

Tlf: 53 65 61 22

Dato : 05.05.2010

Vår ref: 10/6411

Dykkar ref:

Arkiv: K2-V21

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67	Doknr.: 106
Mottatt: 7 MAI 2010 ASR/SEB	
Saksbeh.: IAA	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

HØYRINGSUTTALE - FORSLAG OM ENDRINGER I FOR-1997-05-02-423 - FORSKRIFT OM NYDYR KING

Vindafjord kommune viser til Høyringsforslag om endring i FOR-1997-05-02-423- Forskrift om nydyrking.

Vedlagt ligg utskrift av framlegg til vedtak i DUK, som handsama saka måndag 03.05.2010. Viss Dykk ynskjer det kan oppdatert utskrift ettersendast. Denne utgåva sendast grunna uttalefrista (30.04.2010).

Med helsing

Alf Ole Bull Tornøe
Rådgjevar Landbruk

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Utval for drift, utvikling og kultur			AOBT

Avgjerd av:	Arkiv: K2-V21	Arkivsaknr
Saksansv.: Alf Ole Bull Tornøe	Objekt:	10/370

HØYRING - FORSKRIFT OM NYDYR KING

Dokumentliste:

HØRING- Forslag om endringar i FOR-1997-05-02-423- Forskrift om nydyrking

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.:

Saka gjeld:

Generelt forbod mot nydyrking av myr over 2 da (5 da på skrin bonitet) med djupne over 30 cm torvlag.

Saksopplysningar:

I St. meld. Nr. 39 (2008-2009) Klimautfordringane – landbruket ein del av løysinga, er det vist til at eit verksamt tiltak for å redusere framtidige utslipp av CO₂ frå jordbruksjord er å stanse nydyrking av myr. Ved nydyrking av myr vil det alltid føre til betydeleg klimautslipp i ein periode etter at nydyrking er føretatt, spesielt i djupe myr.

Ein føreslår vidare at definisjonen av nydyrking i forskriftas § 3 endras slik at søknadsplikta i noko større grad fangar opp areal som har gått ut av drift, og då særleg myr. Forslaget inneber at jordbruksareal som har lege unytta i over 20 år, eller som grunna manglande vedlikehald av drenering har gått over til å bli myr, skal reknast som nydyrking.

Det finnes betydeleg areal av dyrkbar myr i Noreg. Av alt klassifisert areal som potensielt kan dyrkast i økonomisk kartverk utgjør myr ca 30 % eller 2.5 millionar dekar.

Vurdering:

For mange bruk i Vindafjord er myrområder viktige potensielle dyrkingsfelt til utviding av spreieareal og for å auke grovforproduksjonen. Den økonomiske konsekvensen av å eventuelt miste denne moglegheita er ikkje utreda. Mange bønder vil helst dyrke opp eige areal i staden for å kjøre lange strekk for å hente for på tilleggsareal. Viss bønder skal måtte kjøre mykje i staden for å kunne dyrke opp myr i nærområdet, vil vinninga gå opp i spinninga.

Det kan virke som at dyrking av myr har marginal effekt på klimagassutslepp samanlikna med dei fleire tusen da dyrka mark som må vike for bustadbygging, motorvegar eller næringsutvikling. Å erstatte avgangen av dyrka areal med nydyrking er viktig for at bønder skal oppretthalde næringsgrunnlaget. Forslaget om å forby nydyrking av myr vil legge sterke restriksjonar på enkelteigedomar og mogleg utvikling av desse.

Ein vil heller tru at utfasing av oljefyr og energieffektivisering har større klimaeffekt enn forbod mot nydyrking. Dessutan kan mykje av torvlaget førast tilbake ved såkalla spadvending av myra. Slik snuing av torvsjiktet vil gi auka bereevne og tilbakeføre organisk materiale.

Slik ein ser det saknas solide fagleg grunnlag og argument for at forbod mot dyrking av myr er farbar veg å gå. Ein bør i staden sikre myrområde med rike funn av biologisk mangfald og kulturminne, slik det er mogleg gjennom Plan- og bygningslova og Jordlovas § 11.

RADMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Utvalet for drift, utvikling og kultur viser til saksutgreiinga og går i mot forslag om generelt forbod om nydyrking av myr, slik det er omtalt i høringsnotat frå Landbruks- og matdepartementet av 17.02.2010